

Røysterett og julekonserten.

14.11.2014



Røysterett for alle under julekonserten i fjor. I år er dei dessverre forhindra frå å delta.

Uskedalen.no har tidlegare skrive at koret Røysterett for alle ikkje kjem til å delta under julekonserten i kyrkja søndag 14. desember. Ved ei mistyding skreiv vi at grunnen var at koret skal syngja på Bømlo. Det stemmer ikkje. Det er dirigenten deira, Maria Malmsten, som skal vera på Bømlo denne kvelden. Ho har valt å prioritera å dirigera Bømlo Kormix.

Røysterett for alle beklagar kollisjonen, og dei håpar å vera ein del av programmet på komande julekonsertar slik koret har vore i alle år.

Det håpar nok både arrangøren og publikum også.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Ola Matti Mathisen